



## Om NHH

[Noregs handelshøgskole \(NHH\)](#) er mellom dei leiande handelshøgskolane i Europa. NHH har eit internasjonalt akta forskingsmiljø og er førstevalet for studentar som skal ta økonomisk-administrativ utdanning i Noreg. NHH har 3400 studentar og 400 tilsette.

# Internasjonal koordinator

## Om seksjonen og stillinga

NHH har ledig ei fast stilling i 100 prosent som førstekonsulent. Stillinga er plassert i Seksjon for internasjonale relasjonar, som er ein del av Studieadministrativ avdeling. Seksjonen har ansvaret for å administrere og forvalte høgskulen sine utvekslingsprogram og avtalar, og organiserer og drifrar studentmobiliteten og andre internasjonaliseringsaktivitetar på utdanningsområdet.

NHH er leiande på studentmobilitet i Norge og som vår nye medarbeidar vil di hovudoppgåve vere knytt til organisering og drift av utvekslingsprogramma ved høgskulen. Vi søker etter ein engasjert og dyktig medarbeidar som trivs i eit internasjonalt miljø med ein travel og variert kvardag, der ein har mykje kontakt med studentar og samarbeidspartnar over heile verda.

## Hovudansvar og oppgåver

- sakshandsaming
- rettleiing og rådgiving
- informasjonsarbeid, ansvar for seksjonen sine nettsider
- forvaltning og administrasjon av utvekslingsavtalar
- deltaking i andre arbeidsoppgåver på seksjonen

Du må rekne med endringar i arbeidsoppgåvene over tid. Noko reiseverksemd i inn- og utland må påreknast.

## Kvalifikasjonskrav

- relevant høgare utdanning, minimum tilsvarande bachelornivå (relevant realkompetanse kan i særlege tilfelle erstatte utdanningskravet)
- svært gode norsk- og engelskkunnskapar, skriftleg og munnleg
- gode ferdigheiter med bruk av digitale verktøy
- internasjonal erfaring i form av arbeids- og/eller studieopphald i utlandet

## Det er ein føremon at du har

- kjennskap til digitale verktøy som P360 og FS
- sakshandsamarkompetanse frå det offentlege
- erfaring frå førstelineteneste/service
- kjennskap til universitets- og høgskulesektoren i Norge og internasjonalt
- språkkunnskapar i andre framandspråk

## Personlege eigenskapar

Vi ser etter deg som har evne til

- å jobbe strukturert og nøyaktig
- å meistre høgt tempo og knappe fristar
- å jobbe sjølvstendig så vel som i team
- å opptre serviceinnstilt og imøtekomande
- å vere utviklingsorientert og initiativrik

## NHH tilbyr

- varierte utfordringar og gode moglegheiter for utvikling
- eit triveleg arbeidsmiljø med gode kollegaer
- fleksibel arbeidstidsordning
- gode forsikrings-, pensjons- og låneordningar i Statens pensjonskasse
- inkluderande arbeidsliv
- velferdsode som subsidiert trening, bedriftshytte og gratis parkering

Stillinga har kode 1408 - førstekonsulent og er løna etter lønsregulativet til staten med kr. 435 100 - 480 200 per år avhengig av kvalifikasjonar.

For særleg kvalifiserte søkjarar kan høgare løn bli vurdert. Eit innskot på to prosent til Statens pensjonskasse blir trekt frå løna.

Vi ynskjer ei snarleg tiltreding.

## Generell informasjon

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Difor er det eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing, rekruttere personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne.

Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjarar kan bli offentleggjorde sjølv om søkjaren har bede om å bli unnateken frå søkjarlista. Søkjarar vil bli informerte om dette på førehand.

Dersom du ønskjer meir informasjon om stillinga, kan du ta kontakt med seksjonsleiar Astrid Foldal, [astrid.foldal@nhh.no](mailto:astrid.foldal@nhh.no) tlf. 55 58 96 88

Søknadsfrist: 02.06.2019

Jobbnorge-ID: 170668, Søknadsfrist: Avsluttet